

Saksprotokoll i fylkestinget - 17.12.2019

Noralv Distad (H) sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt

Fylkestinget går i mot å endra nedre grense for grunnrenteskatt frå 10 000 kVA til 1 500 kVA. Ein slik reduksjon vil svekka innteninga i småkraftverka og hindra nyetableringar.»

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Distad sitt forslag vart vedteke mot 4 røyster (SV).

Vedtak

1. Fylkestinget går mot at ordninga med konsesjonskraft og konsesjonsavgifter vert avvikla slik det er teke til orde for i Sanderud-utvalet si innstilling

Fylkesutvalet viser til at ordningane med konsesjonskraft og konsesjonsavgifter har vore eit berande prinsipp sidan 1909 og det er ordningar det har vore særst brei semje om som i dag representerer ei kulturell og historisk tradisjon som det ikkje er høveleg å endre på. Desse konsesjonsgjevne rettane gjev distrikta kompensasjon for dei ulemper som utbyggingane fører med seg.

2. Fylkestinget ser det som viktig at kraftanlegg bygd ut på 1950- og 1960 talet og som har behov for modernisering og oppgradering vert gjeve vilkår slik at dei aktuelle prosjekta vert realisert og at Noreg framleis får ei energiforsyning med høg tryggleik i høve til levering av elektrisk energi. Når vasskrafta i framtida skal samordnast med energi produsert frå vind- og solcelleanlegg vert behovet for tryggleik i høve til levering til rett tid frå vasskraftanlegg større enn den har vore tidlegare.
3. Fylkestinget vil rå til at grunnrenteskatt vert innretta slik at den berre slår inn for prosjekta som har avkastning ut over det som er normal avkastning for kapitalinvesteringar. Ordninga vil da i større grad vere basert på at skatt vert ilikna etter evneprinsippet.
4. Fylkestinget vil rå til at det vert gjennomført felles prisfastsetting for all konsesjonskraft. Dette vil gje ei administrativ forenkling for kommunar, fylkeskommunar og kraftselskap og soleis vere i tråd med dei premisser som vart lagt på området i samband med Stortinget sin handsaming av Energilova i 1990.
5. Fylkestinget rår til at naturressursskatten vert indeksregulert og teke ut av ordninga med inntektsutjamning slik at desse to effektane over tid ikkje endrar fordelinga mellom staten og utbyggingsdistrikta
6. Fylkestinget viser vidare til høyringsfråsegn frå Vestlandsrådet og stiller seg bak den.
7. Fylkestinget går i mot å endra nedre grense for grunnrenteskatt frå 10 000 kVA til 1 500 kVA. Ein slik reduksjon vil svekka innteninga i småkraftverka og hindra nyetableringar.